



Ragnar Floen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1947 - 14/7299

Saksbehandlar:

Øyvind Hatleli

oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:

27.06.2014

Svar på førespurnad om forureining

Viser til ditt brev angående informasjon frå kommunen om forureining, dagsett 25.06.2014.

Kommunen mottok bekymringsmelding om forureining i villangervågen, og var ute og tok vassprøve i Vågsbotn og Mykingsvatnet den 03.06.2014. Resultatet frå prøvane viste høge verdiar av koliforme bakteriar og e-coli i Vågsbotnvatnet. Kommunen har etter dette vore i kontakt med Mattilsynet og vassregion Hordaland for rådføring. Kommunen har også vore på synfaring i aktuelt vassdrag.

Sølve Sondbø i vassregion Hordaland viste til grenseverdiane Bergen kommune fylgjer. Resultatet frå Vågsbotn med TKB (termostabile koliforme bakterier) på >250/100ml plasserar vatnet som mindre egna badevatn: «Mellom 100 og 1000 TKB/100 ml. Badeplassene er sårbare for forurensning. Helsemyndighetene ser vanligvis ingen betenkeligheter med å bade på disse plassene». Sondbø var også skeptisk til at dette stamma frå forureining to år tilbake då koliforme bakteriar ikkje overlever lenge i naturen. Han trudde det kanskje kunne komme av overvatn i septik etter ein stor regskyll. Verdiane for e-coli var også på >250/100ml og i fylgje EU sine standardar går alt under 500/ml inn under «*excellent quality*». Kommunen bestemte derfor å ta nye prøvar for å finne ut om verdiane var grunna store nedbørsmengder. Tre nye prøvar vart tatt 24.06.2014 og ein avventar vidare tiltak/informasjon til ein får svar på prøvane.

Kommunen vurderte det slik at det ikkje var naudsynt med felles informasjon ut til innbyggjarane før ein får klarheit i kvar problemet ligg. Dette med grunn i at verdiane som kom fram ikkje var farlege for ålmenta. Det vart allikevel informert om kvaliteten på badevatnen til Risneskrinsen som lagar til badestrand i Vågsbotn.

Med helsing

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Ragnar Floen